



Ellinor Therese Kreybu  
Sandvikavegen 150  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2012 - 14/5107

Saksbehandlar:  
Sverre Solberg  
SSO@lindas.kommune.no

Dato:  
06.03.2014

## Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 203/6 - 8 - Fyllingen, 5915 Hjelmås.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen. Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg. Ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, data frå jordskifte, vegvesen og gamle skylddelingar og utskiftningskart. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggjingsføremål og andre ting.

Det har 26. februar 2014 vorte meldt inn feil på nokre av utskiftnings-merkeslinjene mellom ovanfornevnde eigedomar av Ellinor Therese Kreybu og Ingvald Fyllingen. Desse feilane er no retta opp i 3 av dei 6 kartvedlegga til dette brevet.

Som tilstøytande nabo – g.nr. 203, b.nr. 1, vert de varsla om desse endringane som er føreteken i Matrikkelen.

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.  
Tlf.: 56 37 50 00. E-post: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Med helsing

Tommy Veland  
fagleiar

Sverre Solberg  
avdelingsingeniør



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakrar:**

Ellinor Therese Kreybu	Sandvikavegen 150	5915	HJELMÅS
Ingvald Fyllingen	Sandvikavegen 138	5915	HJELMÅS
Kristin og Jan Ivar Johannessen	Sandvikavegen 156	5915	HJELMÅS